10.30 – 11.15	Kommunelovutvalget, mandat, arbeid og fokus på egenkontroll <i>Medl. Nina Neset</i> Leder av kommunelovutvalget, Oddvar Fløte
11.15 – 11.30	Spørsmål og kommentarer fra salen
11.30 – 12.45	Lunsj og utsjekk
12.45 -13.30	Antikorrupsjon og etikkarbeid i kommunesektoren Helge Kvamme fra advokatkontoret Selmer
13.30 – 13.45	Spørsmål og kommentarer fra salen
13.45 – 14.15	Skråblikk Arne Jensen, Generalsekretær Norsk redaktørforening
14.15 – 14.30	Avslutning ved leder i FKT



Kontrollutvalet i Sveio

Statusoversikt juni 2014

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Spesialped. tiltak	28.01.14 sak 3/14	<i>200 timer</i>		hausten 2014	
Selskapskontroll					
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Hand- saming i KU	Hand- saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Pleie- og omsorgs- tenestene	16.04.13, sak 14/13	<i>19.11.13, sak 30/13</i>	<i>16.12.13, sak 85/13</i>	KU 17.06.14, sak 15/14	
Selskapskontroll					
Oppfølging - SIM IKS		29.04.14	19.05.14		
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
Plan for forvaltnings- revisjon 2012-2016	22.05.12 sak 11/12	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12	I 4-års perioden	Laga av KPMG as
Selskapskontroll					
Plan for selskaps- kontroll 2012-2016	-	18.09.12 sak 21/12	22.10.12, sak 100/12	I 4 års perioden	Laga av sekretariatet
SIM IKS	21.12.11 sak 25/11	18.09.12 sak 20/12	22.10.12, sak 102/12	Inga frist	Deloitte as
Andre saker					
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon	22.05.12-	18.09.12, sak 22/12	22.10.12 sak 101/12		Laga av KPMG as



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	Arkivsakid.
Tollefsen, Kenneth	N - 130.3	12/102

Kode	Utval	Saksnummer	Møtedato
FOR	Formannskapet	031/14	02.06.2014
KOM	Kommunestyret		

GEBYRVEDTAK FRÅ KLAGENEMDA FOR OFFENTLIGE ANSKAFFELSER

Rådmannen, 26.05.2014:

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Forskrift om offentlige anskaffelser

Saksorientering:

I samband med ombygging av Sveio skule - Vigdartun til felles ungdomsskule sommaren 2012 inngjekk kommunen tre kontraktar. Ein vurderte då kvar av desse til å vere under terskelverdien på 500 000 kroner. Ulike leverandørar blei førespurt om tilbod innan dei ulike fagområda. I ettertid har kommunen blitt innklaga til Klagenemd for offentlige anskaffelser (KOFA) med påstand om ulovlig direkte anskaffelse.

KOFA skriv innleiingsvis i vedtaksbrev at «Klagenemda fant at arbeidene var et bygge- og anleggsarbeid etter forskriften § 4-1 bokstav c, slik at beregningen av anskaffelsen verdi måtte vurderes samlet for de tre kontraktene jf. Forskriften § 2-3 (7). Verdien oversteg terskelverdien og skulle vært kunngjort i medhold av forskriften del II. Innklagede hadde foretatt en ulovleg direkte anskaffelse ved at arbeidet ikke var kunngjort, jf. forskriften § 9-1. jf. § 2-1 (2). Innklagede ble ilagt et gebyr på 10% av kontraktens verdi.»

Klagenemda har i klagesak komme til følgjande vedtak:

«Sveio kommune ilegges et overtredelsesgebyr på 161 397 – etthundreogseksientusentrehundreognitto – kroner. Gebyret forfaller til betaling innen 2 – to – måneder fra dette vedtakets dato.»

Økonomiske konsekvenser:

Sveio kommune er ilagt eit overtredingsgebyr på 161 397 kroner.

Vurdering:

Rådmannen ser at kommunen har ettersteva konkurranse ved å førespør fleire leverandørar, Kommunen har derimot ikkje følgt regelverket i forhold til å vurdere verdi på alle delarbeider samla. Verdi på bygge- og anleggsarbeidet ville då vore over terskelverdi og skulle vore kunngjort på Doffin basen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommune betaler gebyret på 161 397 kroner
2. Gebyret finansierast med auka låneopptak på investeringsprosjektet

Sakspapiret er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Bjarne Aksnes Martinsen
rådmann

offentlige innkjøpsregler

Det offentlige kan spare milliarder på nye innkjøpsregler, mener næringsminister Monica Mæland (H). Et utvalg foreslår å strippe den norske loven for gode intensjoner.

Av NTB 10. juni 2014 - 8:33 (Oppdatert: 10. juni 2014 - 8:36)

Forenklingsutvalget går inn for å gi staten og kommunene større frihet til å bruke skjønn, i stedet for å måtte følge detaljerte regler når de gjør mindre innkjøp. De foreslåtte reglene skal gjelde kjøp av varer og tjenester under 1 million kroner, og under 30-40 millioner kroner når det gjelder bygg og anlegg. Dette er de reglene Norge selv kan holde seg med, mens de store kontraktene reguleres av EU.

Fjerner anbud

Utvalget vil fjerne anbudsordningen for de mindre kontraktene. Det betyr at de kan forhandle med dem som har levert tilbud og dermed få tilpasset tjenestene og varene bedre. Bedriftene får på sin side mulighet til å oppklare misforståelser eller forbedre tilbudene sine. I dag kaster det offentlige bort opptil 45 milliarder kroner på grunn av feilslåtte kjøp av varer og tjenester, ifølge Næringsdepartementet. Samtidig opplever bedrifter å få sine ellers gode tilbud avvist fordi de har skrevet noe feil på konvolutten.

– Vi må ikke være så opptatt av kontroll at vi hindrer gode og effektive innkjøp, sier næringsminister Mæland til NTB.

Hun håper enklere regler vil få flere bedrifter til å komme med tilbud.

– Du kan få et mye mer variert tilbud og høyere sysselsetting, mener hun.

Hun sier seg enig i at det er en utfordring å fjerne regler som er ment å forhindre for eksempel korrupsjon eller sosial dumping.

– Men jeg mener vi har gått i en gal retning, vi er blitt for opptatt av sikkerhet og kontroll. Det er på tide å sørge for en oppmyking, mener hun.

Hun mottar Forenklingsutvalgets rapport tirsdag og sender forslagene ut på høring.

Underleverandører

Flertallet i utvalget vil blant annet ikke ha et generelt krav om at de som bestiller et oppdrag, skal sjekke alle underleverandørene. Et mindretall ønsker imidlertid å sette et tak på antall underleverandører for å bekjempe useriøse bedrifter og økonomisk kriminalitet.

– Jeg mener norske offentlige oppdragsgivere ønsker å opptre profesjonelt og ikke ønsker kontrakter med useriøse aktører, sier utvalgsleder Inger Roll-Matthiesen.

Dagens regler er laget for å ta for mange politiske hensyn, mener Roll-Matthiesen. Men mange av disse hensynene hører ikke hjemme i anskaffelsesreglene, mener utvalget.

– Vi vil ikke pålegge oppdragsgiverne å tenke på miljø, for det er en bestemmelse uten sanksjoner, nevner hun som eksempel.

Miljøkrav kan heller være en del av kriteriene kjøperne selv setter opp, dersom de ser behov for det.

Roll-Matthiesen understreker at oppdragsgivere fortsatt skal ha plikt til å sette opp klare kriterier som leverandørene kan forholde seg til.

Ønsker gode innkjøp

– Jeg tror folk har større tro på anskaffelsesregelverket enn det fortjener. Det er fullt mulig å gjøre en dårlig anskaffelse, selv om det er i henhold til regelverket, sier Roll-Matthiesen.

Gode innkjøp handler også om planlegging, oversikt over markedet og god internkontroll, påpeker hun. Viktige hensyn kan også ivaretas gjennom veiledningen som følger reglene.

Utvalget mener for øvrig at ideelle aktører ikke lenger skal særbehandles når de tilbyr helse- og sosialtjenester, men likestilles med andre bedrifter. Dette er i tråd med det nye EU-direktivet om offentlige anskaffelser. Men regjeringen ønsker fortsatt å kunne gi særbehandling til organisasjonene.

– Det er bred enighet på Stortinget og i regjeringen om at vi anerkjenner verdien av ideelle aktører. Vi undersøker hvilket handlingsrom vi har, sier Mæland.

(©NTB)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.06.14	15/14
Kommunestyret	22.09.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – BUDSJETT- OG ØKONOMISTYRING I PLEIE- OG OMSORGSEININGA

Vedlegg: e-post 26.05.14 frå kommunalsjef helse og omsorg (IM)
Lysark utarbeida til kurs i økonomi for einingsleiarane

Saksorientering:

Sveio kommunestyre vedtok samrøystes i møte 16.12.13, sak 85/13 følgjande:

- 1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Budsjett- og økonomistyring i pleie- og omsorgseininga» og tek rapporten til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet og hovudutval helse/omsorg om oppfølging av rapporten innan 6 måneder etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Revisjonen kom med følgjande tilrådingar til Sveio kommune:

- *Sette i verk alle dei planlagde tiltaka for å effektivisere drifta.*
- *Evaluerer verknaden av tiltak etter ei stund, for å sjå om ønska effekt har blitt oppnådd.*
- *Definere kva eit avvik er og deretter kommunisere dette ut til alle einingsleiarane.*
- *Halde fram med dei gode rapporteringsrutinane for økonomi som kommunen har etablert for einingane.*
- *Det kan vere hensiktsmessig å gi einingsleiarane kurs i økonomi, mellom anna for å sikre at dei opparbeider seg tilstrekkelig med økonomisk kompetanse og danner seg eit solid grunnlag for å kunne analysere avvik frå budsjett.*

Kommunalsjef helse og omsorg har i e-post, dagsett 26.05.14, til utvalet v/sekretariatet med kopi til rådmann og økonomisjef, gjeve tilbakemelding på status

Saksframlegg

for dei punkta og korleis dei er fulgt opp. Oversendinga følgjer saka som ikkje mangfoldiggjort vedlegg, då innhaldet i e-posten er teken inn i saksframlegget. Kommunalsjefen skriv om punktene følgjande:

Syner til sak om Forvaltningsrevisjon foretatt i forhold til Budsjett- og økonomi-styring i pleie og omsorgseininga i Sveio.

I rapporten til KPMG er lista opp ein del tiltak for å betre balansen mellom budsjett og rekneskap for pleie og omsorg. Desse var :

- 1. Stengning av 6 bebuarrom ved omsorgssenteret er gjennomført i tråd med vedtak i kommunestyret 30. sept. 2013.**
- 2. 5. nattevakt er kome på plass frå 3. feb. 2014.**
- 3. Bestillarkontor (i Sveio vert dette kalla Tenestekontor) er etablert frå 1. februar 2014.**
- 4. Miljøarbeidertenesta er sett i gong frå 1. feb. 2014.**
- 5. I samband med turnusomlegging er det oppnådd ytterlegare positive resultat når det gjeld uønska deltid.**
- 6. Det er gjennomført kurs innan økonomi og rekneskapsfeltet. Eit hovudfokus her har vore å gi oppdatering i dei rekneskapsverktøy som kommunen disponerer og nyttar. Kurset vart særst godt motteke av einingsleiarane. Det er aktuelt med oppfølgingskurs.**
- 7. I nemnde kurs vart det sett fokus på forståinga av kva eit Avvik er. Definisjonen vart klargjort i kurset. Sjå vedlegg. Det er nok ulik oppfatning i gruppa i kva grad det har vore uklarhet omkring innhaldet og forståinga av omgrepet.
Vedlagt følger kort skisse av innhaldet i den gjennomgangen som er gjort. Det møtte 8 deltakarar, følgeleg ikkje berre einingsleiarar men også innslag av medarbeidarar som har oppgåver i høve økonomi og rekneskap.**

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp rapport. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan likevel melde saka vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka, då tilbakemeldinga må sjåast på som rådmannen sitt svar og at tilrådingane er følgt opp og forbetringstiltak sett i verk.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL
KOMMUNESTYRET:**

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport
«Budsjett-og økonomistyring i pleie- og omsorgseininga» til orientering.

Melding om oppfølging sendast kommunestyret til orientering.

Aksdal, 10.06.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Kurs i økonomi, Sveio kommune

Einingsleiarar pleie- og omsorgseininga

Mål for kurset, jfr. KPMG rapport

Utdrag frå rapporten

Tilrådingar:


- *Definere kva eit avvik er og deretter kommunisere dette ut til alle einingsleiarane.*
- *Det kan være hensiktsmessig å gi einingsleiarane kurs i økonomi, mellom anna for å sikre at dei opparbeider seg tilstrekkelig med økonomisk kompetanse og danner seg eit solid grunnlag for å kunne analysere avvik frå budsjett.*




VEDLEGG
SAK 15/14

Innhald

- Kva er eit avvik?
- Definisjon av eit avvik (som det skal rapporterast om)
- Grunnleggande om økonomi i Sveio kommune



Kva er eit avvik?



I følge rapporten frå KPMG er det avvik som det skal rapporterast om, som treng ein definisjon. Temaet i denne samanhengen er økonomiske avvik mellom rekneskap og budsjett.

I Sveio kommune har ein månadsrapportering og tertialrapportering. Det er her lagt opp til at einingsleiarar melder om ein held **periode**budsjettet eller ikkje. Ein skal også melde om ein vil halde **års**budsjettet eller ikkje.

Om eininga ikkje er i stand til å halde periodebudsjettet eller årsbudsjettet, har ein eit avvik som det skal rapporterast om.

Definisjon av avvik (som det skal rapporterst om)


***Differanse mellom rekneskap og budsjett,
som gjer at eininga ikkje vil vera i stand til å
halde periodebudsjettet eller årsbudsjettet.***



Grunnleggjande om økonomi


Sveio kommune

- Utarbeiding av budsjett i kommunen
 - Rammer for rammeområda (rådmannen/politisk)
 - Rammer for einingane (kommunalsjefar)
 - Detaljbudsjett ARENA (einingssleiar)
 - Konsekvensjustert budsjett -> budsjett i ramme
 - Frå ARENA til VISMA Enterprise
 - Periodisering



Fortsetting - Grunnleggande økonomi

- Økonomistyring i kommunen
 - Økonomirapportering – måned/tertiar
 - Einingsleiar -> kommunalsjef -> rådmann
 - Avvik – periode/år
 - Tiltak
- Praktisk bruk av økonomi-systema i Sveio kommune
 - Enterprise (webrapport)
 - Analyse av avvik
 - Spørsmål/eige arbeid



SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	17.06.14	16/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPSÅRET 2013

Vedlegg: KPMG sitt brev nr 2 – 2013 Sveio (årsoppgjersbrev, dagsett 08.05.14)

Bakgrunn

Etter forskrift § 8 skal kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader i revisjonsmelding og i årsoppgjersbrev blir fulgt opp:

«Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet,, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp. «

Grunnlaget for handsaminga av Sveio kommune sitt årsrekneskap for 2013 var rekneskapen med notar, rådmannen sin årsrapport og revisor si revisjonsmelding dagsett 10.04.14. Revisor sitt årsoppgjersbrev mangla og det blei møtet 29.04.14 under sak 8/14 protokollert at eventuelle merknader i årsoppgjersbrevet skulle rådmanenn melde tilbake til utvalet innan 01.09.13.

KPMG la fram si revisjonsmelding innenfor lovfastsett. Revisor hadde såkalla rein melding, dvs utan atterhald eller presiseringar. Totalt sett blei rekneskapen for 2013 gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk (driftsunderskot) på kr 1,5 mill.

Sekretariatet skrev i saksframlegget at kontrollutvalet måtte vurdere om dei ville ha tilbakemelding frå administrasjonen på det revisjonen tok opp i eit eventuelt årsoppgjersnotat. Sekretariatet gjorde framlegg om det og kontrollutvalet vedtok samrøystes:

Kontrollutvalet i Sveio har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.14 på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

Årsoppgjersbrevet/brev nr 2, dagsett 08.05.14, er nå oversendt kontrollutvalet i Sveio ved sekretariatet.

Forhold som tas opp i brevet er følgjande:

- til dels store avvik mellom rekneskapstall for 2013 og regulert budsjett gjer at det vert tilrådd at det vert etablert rutinar som sikras tilstrekkeleg ajourhold av budsjettet,
- slutføring av arbeidet med samordna økonomireglement,
- ajourføring av tilganger i økonomisystemet som sikrar at kun relevante personar har tilgang til økonomi og andre moduler i Visma.

Det framkommer i brevet at kommunen har etablert gode rutinar for avstemming og dokumentasjon av vesentlege regnskapsposter. Revisor vil gje ein muntleg orientering til utvalet.


Kontrollutvalet bør somi tidlegare vedtak følgje opp det kjem fram i brevet oppretthalde frist for tilbakemelding om kva leiinga vil gjere med merknadene.

Neste møte i kontrollutvalet er etter møteplanen 18.09.14 og sekretariatet vil gjere framlegg om fristen vert som tidlegare sett til 01.09.14.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vil be rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.09.14 på korleis merknadene i revisor sitt årsoppgjersbrev/brev nr 2 er følgd opp.

Aksdal, 10.06.14



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5629 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Kontrollutvalget i Sveio kommune
c/o Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 Aksdal

Deres ref

Vår ref Willy Hauge

8. mai 2014

Sveio kommune - brev nr. 2

Vi har nå gjennomført vår revisjon for regnskapsåret 2013 for Sveio kommune og ønsker i den anledning å gi enkelte innspill og kommentarer til ledelsen i kommunen. I tillegg har mindre vesentlige forhold løpende blitt kommunisert med kommunens økonomiledelse.

Vi gjør oppmerksom på at hovedhensikten med vår revisjon er å gi oss muligheten til på en forsvarlig måte å uttale oss om regnskapet. Våre kontroller er utført på testbasis og må ikke oppfattes som tester for å avdekke feil eller uregelmessigheter som er uvesentlige for regnskapet. Det må også understrekes at svakheter i regnskapssystemet og den interne kontroll kan medføre misligheter som våre normale tester ikke nødvendigvis vil avdekke.

Vi har ved vår revisjon ikke registrert forhold som vi mener er av en så vesentlig karakter at de umiddelbart trenger oppfølging fra ledelsen i kommunen. Vi har likevel sett områder der kommunen bør vurdere å endre sine rutiner. Disse forholdene er oppsummert nedenfor.

Regulering av budsjett

Kommunen plikter å utarbeide årsbudsjett. Budsjettet skal være realistisk jf. kommuneloven § 46. I henhold til kommuneloven § 47 og forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner) § 11 er kommunen pliktig å foreta endringer i budsjett ved behov. Dette innebærer krav til løpende rapportering gjennom året, gjennomføring av budsjettendringer og rebudsjettering.

Gjennomgang av kommunens rutiner for regulering av budsjett har avdekket svakheter. På noen områder er det til dels store avvik mellom regnskapstall for 2013 og regulert budsjett. Vi anbefaler at kommunen etablerer rutiner som sikrer tilstrekkelig ajourhold av budsjettet, slik at dette i størst mulig grad gjenspeiler realitetene og samsvarer med regnskapet.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Ålesund	Kristiansund	Stavanger
Bergen	Larvik	Stord
Bodø	Molde	Strömme
Elverum	Narvik	Trondheim
Finnøy	Perth	Tromsø
Grimstad	Sandnessjøen	Ålesund
Hauger	Sandnessjøen	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsskattede revisorer - medlemmer av Den norske Revisorsforening

Samordnet økonomireglement

Ved fjorårets revisjon ble det anbefalt å utarbeide et samordnet økonomireglement. Vi har gjennom samtaler med kommunens økonomiledelse fått beskjed om at slikt økonomireglement er under utarbeidelse. Det anbefales at prosessen fullføres så snart som mulig.

Ajourføring av tilganger i økonomisystemet

Tilgang til økonomisystemet Visma administreres gjennom modulen "Brukeradministrasjon".

Våre kontroller har avdekket svakheter knyttet til ajourhold av tilganger. Våre kontroller viser at kommunen ikke har gode nok rutiner når det gjelder å fange opp personer som har avsluttet sitt arbeidsforhold og derfor ikke lenger skal ha tilgang til modulene i Visma.

Vi vil anbefale kommunen å utarbeide bedre rutiner som sikrer at kun relevante personer har tilgang til økonomi og andre moduler i Visma.

Andre forhold

Gjennom vår revisjon har vi sett at kommunen har etablert gode rutiner for avstemming og dokumentasjon av vesentlige regnskapsposter. Vi takker for et godt samarbeid med administrasjonen i kommunen.

Kommunen plikter etter bokføringsloven § 13 å oppbevare de nummererte brevene fra revisor på lik linje med annet regnskapsmateriale.

Om det er spørsmål eller kommentarer til forholdene vi tar opp ber vi dere kontakte oss.

Vennlig hilsen
KPMG AS



Willy Hauge
Statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	17.06.13	17/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	E 212	

TERTIALRAPPORT OG REVIDERT BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Ikkje manifoldiggjorte vedlegg:

1. Formannskapssak 27/14 til møte 02.06.14 - 1. tertialrapport 2014 (KST 16.06.13)
2. Formannskapssak 29/14 til møte 02.06.14 – Revidert budsjett 2014 (KST 16.06.13)
3. Formannskapssak 30/14 til møte 02.06.14 - Økonomiplan 2015- 2018(KST 16.06.13)

Saksorientering:

Som ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen, bør kommunen sine tertialrapportar, budsjett og økonomiplaner bli lagt fram for utvalet til orientering. Utvalet er ikkje ein del av den formelle handsamingsrekka i denne type saker, og skal derfor ikkje fatte eit formelt vedtak, men kan ta dokumenta til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapen frå kontrollutvalet sin side skal bli gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen.

Tertialrapport

Tertialrapporten for 1. tertial er utarbeidd pr 30.04.14. Rapporten vil bli handsama av formannskapet 02.06.14 og av kommunestyret 16.06.13. Sakene finn ein på kommunen sine nettsider eller i papirversjon på rådhuset. I saksframlegget står det mellom anna:

Kort samandrag:

- Rammeområdet Levande bygder har balanse pr. 1. tertial.
- Rammeområdet Politisk har eit lite mindreforbruk pr. 1. tertial og vil sannsynlegvis halde seg innafor ramma si, avhengig av kor mange verdibrev som vert innløyst.
- Rammeområdet Sentraladministrasjonen har mindreforbruk på kr 0,6 mill. pr. 1. tertial og vil mest truleg gå i balanse ved årets slutt.
- Rammeområde Tilleggsføringar er ubrukt vel kr 1,8 mill. pr. 1. tertial. Dette er pengar som skal fordelast til einingane etter tariffoppgjeret er ferdig.
- Rammeområdet Oppvekst skule har pr. 1. tertial eit mindreforbruk på kr 0,6 mill. Prognosen ved årets slutt er eit meirforbruk på kr 0,6 mill.
- Rammeområdet Oppvekst barnehage har pr. 1. tertial eit meirforbruk på kr 3,3 mill. og prognosen ved årets slutt er eit estimert meirforbruk på kr 5,3 mill.
- Rammeområdet Samhandlingsreforma har mindreforbruk pr. 1. tertial på kr 0,1 mill., men vil ved årets slutt mest truleg ha eit meirforbruk på om lag kr 140 000,-.
- Rammeområdet Helseavdeling og rehabilitering syner eit mindreforbruk på kr 0,1 mill. Rammeområdet vil ved årets slutt mest truleg ha balanse.

- *Rammeområdet Pleie- og omsorg har eit mindreforbruk på kr 0,2 mill. Ut året er prognosen eit meirforbruk på kr 800 000,-.*
- *Rammeområdet Butiltak har eit mindreforbruk pr. 1. tertial på kr 0,3 mill. og vil mest truleg ha balanse ved årets slutt.*
- *Rammeområdet NAV med flyktning syner eit meirforbruk på kr 0,4 mill. pr. 1. tertial, og vil mest truleg ha eit meirforbruk ved årets slutt på om lag kr 0,8 mill.*
- *Rammeområdet Barnevern har eit meirforbruk på kr 0,3 mill., og vil ved årets slutt ha eit meirforbruk på om lag kr 375 000,-.*
- *Rammeområdet Tekniske tenester har balanse pr. 1. tertial, og vil ved årets slutt mest truleg gå i balanse.*
- *Rammeområdet Kultur har eit mindreforbruk på kr 0,1 mill. og vil ved årets slutt mest truleg gå i balanse.*
- *Rammeområdet VAR – vatn, avløp og renovasjon har eit mindreforbruk på 0,8 mill. Rammeområdet vil ved året slutt gå i balanse på grunn av sjølvkost.*
- *Rammeområdet Kyrkja har balanse pr. 1. tertial og vil ved årets slutt gå i null. Prognosen for heile året med same driftsnivå som pr. 1. tertial vil føre til at kommunen mest sannsynleg vil gå med eit netto driftsunderskot.*

Sjukefråværet i kommunen er 7,8 % pr. 1. kvartal 2014.

Prognosen er før revidert budsjett og enkelte av rammeområda vil bli justert i forbindelse med revidert budsjett for 2014.

Revidert budsjett

Formannskap/kommunestyre vil i same møte få lagt fram sak om revidert budsjett for 2014. Frå saksframlegget siterast følgjande:

Med bakgrunn i kommuneproposisjonen er det grunnlag for å dekkje inn 1,1 millionar kroner av dei reduserte inntektene, frå ramma til kvar einskild eining i kommunen. I følgje proposisjonen vil dette ikkje medføre redusert økonomisk handlingsrom for einingane, i forhold til føresetnadane i budsjettet for 2014. Rådmannen meiner ein slik reduksjon i rammene nå vil vera uheldig, og ønskjer i første omgang å finna andre måtar dekkja opp dei manglande inntektene på. Resultatet av ei slik løysing er at einingane si ramme for 2014 er styrka med 1,1 millionar i forhold til føresetnadane i budsjettet for 2014. Med ramma for 2014

som utgangspunkt for rammene i 2015 allereie styrka med 1,1 millionar kroner.

Reduserte inntekter som følgje av endra føresetnadar, på kr 2,0 millionar kroner dekkjast inn i Sveio kommune sitt reviderte budsjett for 2014.

For at budsjettet for 2014 skal vera realistisk reknar rådmannen med at barnehageområdet minst må tilførast kr 4,1 millionar i revidert budsjett. Eventuell kompensasjon for regjeringa sin føresetnad om kontantstøtta si verknad på barnehageutgiftene, nyttast til å auke denne ramma ytterlegare.

Av det auka tilskotet til flyktningearbeid, finn rådmannen det naudsynt å styrka ramma til flyktningearbeid med 0,4 millionar kroner i revidert budsjett. Resten av utfordringa må løysast innafor gjeldande ramme.

I budsjettet for 2014 er det sett av 0,1 millionar kroner til «Levande bygder». Rådmannen ønskjer å avvikla dette rammeområdet, og nytta midlane til utfordringane med revidert budsjett.

I samband med det pågåande prosjektet om interkommunalt brannvern må Sveio kommune bidra med 0,1 millionar kroner til ei ROS-analyse/prosjektkoordinator. Rådmannen ønskjer å dekkje dette inn i samband med revidert budsjett. Beløpet vert tilførd rådmannens budsjett.

Som ein følgje av fukt i Sveio kommune sine arkiv, er ein del dokument blitt påført skade. Kostnaden for å reparera dokumenta er på 0,1 millionar kroner. Rådmannen ønskjer å dekkje dette inn i samband med revidert budsjett. Beløpet vert tilførd vedlikehaldsbudsjettet til drift og anleggsavdelinga.

Rentenivået i Noreg har til nå i 2014 halde seg lågt. Endra rentesyn for 2014, gjer at Sveio kommune forventar kr 3,0 millionar kroner i lågare renteutgifter i 2014.

For å balansera revidert budsjett finn rådmannen det naudsynt å redusera avsetnaden til disposisjonsfond 2014 med 2,1 millionar kroner.

Overføringane til Ryvarden kulturfyr KF ligg i rekneskapen under rammeområde kultur. Kulturavdelinga kan ikkje påverka desse overføringane. Rådmannen ønskjer difor å skilja ut overføringane til Ryvarden kulturfyr KF på eige rammeområde i rekneskapen. Rådmannen hadde venta ei auke i disponible midlar i samband med kommuneproposisjonen 2015, ikkje den reduksjonen som kom. Å ha fokus på nøktern drift i kommunen, er nå endå viktigare enn tidlegare

Rådmannen sitt framlegg vedtak er følgjande:

Kommunestyret vedtek endringar i Sveio kommune sitt budsjett for 2014 i samsvar med saksutgreinga og tabelloppsettet.

Økonomiplan

Formannskap/kommunestyre vil i same møte få lagt fram sak om økonomiplan for 2015-2018.

Rådmannen går igjennom hovudtrekka til regjeringa si kommuneopplegget for 2015 generelt og oppsummerer med følgjande:

Vurdering:

Realauken i kommunen sine samla inntekter for 2015, står ikkje i forhold til det behovet kommunen har for å styre einskilde område i kommunen. Som tidlegare vil ein her peike særskild på kommunens tilskot til dei private barnehagane. Som tidlegare nemnd må desse aukast vesentleg i forhold til vedteke budsjett for 2014. Som ein følgje av dette misforholdet kan ein ikkje kompensera alle område fullt ut for forventa pris- og lønsvekst.

Forventa pris- og lønsvekst er på 2,5 %. Det er tilført 2,00 % generell auka i rammene til dei einskilde rammeområda. I tillegg til denne auken vert auken for 2014 på 1,1 millionar kr. vidareført sjølv om regjeringa meiner det ikkje var grunnlag for dette. Dette utgjer rundt 3 promille i tillegg på dei frie inntektene. Dette inneber eit behov for alle område av kommunen til å effektivisera inn 2 promille i drifta. Dersom pris- og lønsvekst (deflator) blir høgare, vil ein måtte effektivisere/ kutte ytterligare..

I rådmannen sitt forslag til fordeling på rammeområda er det fordelt kr 580 000,- meir enn det som er til fordeling etter vedlagte skjema 1a. For å dekke inn dei kr 580 000,-, og skaffa økonomisk handlingsrom i tråd med kommunen sine målsettingar, vil rådmannen utgreia

kutt/ effektivisering på eit overordna nivå fram til budsjettet leggst fram i november.

Rådmannen legg til grunn ein eigedomsskatt på 2 promille i det vidare arbeidet.

Samla sett meiner rådmannen det er eit stort framsteg at kommunen i juni budsjetterer med løns- og prisvekst. I tillegg vil dette for dei aller fleste rammeområde vere dei endelege rammene, og rammeområda kjenner allereie no til rammene for neste års drift. Rådmannen meiner dette bidrar til det systematiske arbeidet for å styrke budsjettkulturen i organisasjonen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er følgjande:

Førebels total ramme til drift for 2015 vedtakast slik den ligg føre i saksutgreiinga. Sum til fordeling utgjer kr 284 300 000.-.

Som nemnt innleiingsvis er desse sakene orienteringssaker for kontrollutvalet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar rådmannen sine saksframlegg om 1. tertialrapport 2014, revidert budsjett 2014, økonomiplan 2015- 2018 til orientering.

Aksdal, 11.06.14

Toril Hallsjø
Utvalssekretær